


# Å flytta på tiltale frå Gud

Det er fredag ettermiddag og me har besøk av Sindre og Anne Kristine Hauan og gutane deira, Benjamin og Lukas. Me har nett ete oss kraftig mette på Jarle sine gode, grove og sunne pannekaker. Barna vert lokka ut i hagen med kvar sin is, før me set oss i sofaen klar for kaffi, after eight og ein god prat.

Sindre og Anne Kristine flytta frå Kvinesdal til Stord for eit år sidan. Flytting kan ha mange grunnar; jobb, nærleik til familie, trivsel/mistrivsel osv. Men dette smilande paret si avgjerd om flytting har eit anna grunnlag, dei handla på ord frå Gud.

CATHARINA VAE  
[catharina.vae@hotmail.com](mailto:catharina.vae@hotmail.com)





#### EI NY TID

Proessen fram mot flytting starta aller-eie hausten 2008. Sindre var då pastor i Kirken i Dalen i Kvinesdal. Dei ser på kvarandre og ivrar etter å fortelje.

”Hausten 2008 byrja me å tenkje på at me skulle ta eit års permisjon frå stillinga i Kirken i Dalen. Me hadde hatt mange gode år i Kvinesdal, samtidig kjende me at det var tid for eit år med nye impulsar for å ta steg vidare inn i det Gud har kalla oss til”, seier Sindre. ”Leiarane i menigheten\* var informert om dette, men me var ikkje bestemt på kva me skulle gjere. Det var mange alternativ; teologistudium, bibelskule, familie-DTS osv. Som du skjønar hadde me mange tankar.”

”Same hausten inviterte Jan Sigve Hystad, som Sindre kjenner frå barne- og ungdomsåra i Kvinesdal, oss med på leir på Solstrand”, fortel Anne Kristine.

#### ORD FRÅ GUD

”Eg må innrømme at eg var veldig skeptisk då me reiste på leiren. Eg såg føre meg at Sindre deltok og fekk med

seg undervisninga, medan eg sprang rundt og passa ungene. Eg var redd eg skulle reise heim som den same, medan Sindre skulle få ny openberring og planar som var fjerne for meg.” Anne Kristine er ekte og oppriktig når ho fortel.

”Slik vart det ikkje! For det første var det opplegg for ungene, slik at me fekk med oss undervisninga begge to. Det var veldig viktig for oss. I tillegg vart eg overvelda over kor godt ein vart tatt imot og kor lett det var å bli kjend med folk. Gud tala til oss heile helga, gjennom undervisning og samtalar”, fortel Anne Kristine ivrig.

Dei gjentar fleire gonger kor viktig samtalen var og begge trekkjer fram ”samtalen på fredagskvelden, den som vart vendepunktet”.

”Me fekk lufta tankane våre for framtida og opplevde å verta høyrde, utan at det vart lagt føringar på kva me burde velje. Me fekk eit enkelt og godt råd: Bruk året til å ha eit familiefokus. Bygg ein sterk familie, ein sterk familie

som tåler litt. Det er eit viktig fundamentet for eit liv i den tenesta Gud har kalla ein til. I samtalen og i det enkle rådet høyrde me klart og tydelig Gud”, seier Sindre medan Anne Kristine nikkar.

#### DET PRAKTISKE FELL IKKJE PÅ PLOSS

Dei fortel korleis dei søkte Gud vidare og korleis Gud etterkvart tala om Stord. ”Me sa ikkje dette til nokon, men ringde og spurte Jan Sigve om me kunne kome på besøk ei helg”, seier Sindre.

”Den helga møtte me fleire i fellesskapet og såg at det vart levd menighet på ein måte som trakk oss. Me fekk stilt mange spørsmål og fekk svar som vart bønnesvar for oss. Etter den helga var me viss på at Gud ville ha oss til Stord”, seier Sindre.

Sindre fortel korleis dei starta søkinga etter jobb, husvære og barnehageplass. Eg ser på dei og må berre spørje; ”Var ingenting av dette praktiske på plass før de bestemte at de skulle flytte?”



Begge ler litt og eg forstår at det ikkje er første gongen dei har fått dette spørsmålet.

”Stemmer det. I starten gjekk ikkje det praktiske heilt i boks slik me hadde planlagt heller”, ler Anne Kristine. ”Me såg på fleire leilegheiter og eit par gonger var me sikker på at det ordna seg, men så i siste liten fekk me avslag. Til slutt fekk me avklart at me skulle overta ein leilegheit frå ein familie i menigheten. Inntil den vart ledig budde me seks veker hjå Astrid Elin og Jan Sigve.

Sindre bryt inn og seier med eit flir rundt munnen: ”Me fekk ein bratt læringskurve i å leve menighet kan du sei. Både ved å leve så tett med ein annan familie og ved å sjå korleis dei levde i kvardagen”.

Dei fortel vidare at Sindre heller ikkje fekk seg jobb i starten og dei hadde det tøft økonomisk dei første månadane. Forholda la seg etterkvart meir til rette og Sindre fekk jobb som seljar på Elkjøp. ”Noko anna enn kva eg var vand

med, men ei god erfaring. Nå jobbar eg i Kirkens Bymisjon, med eit arbeidsprosjekt for personar med rusproblem”, seier Sindre.

#### ERFARINGAR

”Sjølv om alt ikkje ordna seg slik me hadde tenkt er me takksame for den tida. Me lærte utruleg mykje. Me tok nye steg i å stole på Gud, fekk erfare nåden i fellesskapet og sjå korleis Gud brukte det til å gje oss alt me trong.”

Det er gått eit år, huset i Kvinesdal er seld og dei har kjøpt hustomt på Stord. Begge to er visse på at Gud har kalla dei til å slå seg til ro på Stord – for ei tid i alle fall.

Anne Kristine og Sindre fyller stova med latter og positivitet, det er lett å sjå at dei har det godt. ”Om me skal reflektere litt over dette siste året, kva vil de framheve?”

”Heile familien trivs”, svarar Anne Kristine kjapt og fortsetter: ”Me har fått meir tid i saman, me har fått leva menighetsfellesskapet i kvardagen, fått

gode venner og hatt utruleg mange gode samtalar. Det er godt å kjenne at familien vert styrka, slik Gud tala til oss om”, seier Anne Kristine.

Sindre vert ivrig og skyt inn: ”Det er også fantastisk å sjå og erfare tene-stegåvene, sjå kva det i praksis vil sei å vera under tilsyn og vern frå apostlar og profetar som Gud har gitt til fellesskapet. Det gir sunn vekst! Det er flott å vera med på det som skjer på Stord og saman som fellesskap skal me sjå at Guds liv veks vidare ut i regionen, i landet og i verda. Det er veldig spennande å vera ein del av dette!” avsluttar han.

For oss i fellesskapet på Stord er det ikkje tvil om at Sindre og Anne Kristine er sendt frå Gud. Det er spennande å sjå korleis Gud byggjer sin menighet og set ulike menneske saman for at hans kropp skal vekse og fungere. Me er fylt av takk til Gud og er veldig glade for at familien Hauan handla på orda frå Gud, sjølv om ikkje omstenda gjorde det enkelt for dei.